# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 SEPTEMBER 1989 22. ÅRG.

# KJELL NESE BLIR NY SOKNEPREST I ARNA



Kjell Nese (53 er tilsett som ny sokneprest i Arna prestegjeld.

Nese er født i Våle i Vestfold. Han tok teologisk embetseksamen i 1965, og var en tid garnisonskapellan på Gjørstadmoen ved Lillehammer. Siden 1968 har han vært sokneprest på Vossestrand. Nese er gift og har fem barn.

Nese forteller til Kyrkjelydsbladet at han i fritiden liker å drive som bonde på gården som en av sønnene hans har. Det blir god mosjon, samtidig som jeg får anledning til å stelle med andre ting enn det jeg gjør som prest.

Sjå side 3

## Val av nye sokneråd 8. og 15. oktober

Sjå side 6 og 7

## Kvinner bak roret i kyrkjekoret

Sjå side 11

# *Skal søndagen vera kviledag?*

I skapingssoga i Bibelen vert det fortalt at då Gud hadde fullført skaparverket, kvilte han den sjuande dagen. Han velsigna denne dagen og gjorde han heilag. (1. Mos. 2, 2-3). Det tredje bodet lyder: *«Kom kviledagen i hug, så du held han heilag!»* (2. Mos. 20.8).

Jødane høgtidar sabbaten, den sjuande dagen i veka (laurdag). Den første kristne kyrkja feira «Herrens dag», den første dagen i veka (søndag) til minne om Jesu oppstode frå dei døde. Denne tradisjonen har vorte halden ved lag. Søndagen er framleis ein «raud dag» på kalendaren vår, men det religiøse innhaldet i dagen står nok veikare enn tidlegare, både for einskildmennesket og for samfunnet sett under eitt.

Jødane laga ei mengd sabbatsbod som det var vanskeleg å følgja for folk flest. Læresveinane til Jesus braut eit av desse då dei ein sabbat åt av kornaksa medan dei gjekk gjennom ein åker. Farisearane klaga på dei, men Jesus svara: *«Sabbaten vart til for mennesket, ikkje mennesket for sabbaten»*. (Mark. 2.27)

Også søndagen har fått reglar knytt til seg, både offentlege helgefredsvedtekter og meir private avgrensingar. I somme miljø var det svært strenge krav til framferda om søndagen, og ein kunne undrast om folk meinte det var viktigare å «kvilehalda» heilagdagen enn å heilaghalda kviledagen. På den andre sida er det mange som let søndagen vera ein arbeidsdag lik alle andre dagar.

Gud skipa kviledagen som eit gode for menneska. Denne dagen skal vera heilag, det vil seia annleis enn og utskilt frå dei andre dagane. Dagen skal gi oss høve til kvile og avkopling. Han skal gi oss høve til å vera i lag med familie og vener, han skal gi rom for variasjon frå kvardagane.

Men først og fremst skal denne dagen gi oss eit særskilt høve til å søkja samfunn med Gud, både i stilla og i lag med andre i den kristne forsamlinga der Guds ord vert forkynt og sakramenta forvalta.


Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 1 JANUAR 1989 22. ÅRG.

Ytre Arna slår ring om asylsøkere

I Ytre Arna har to chilenske asylsøkjarar fått beskjed om at de må reise fra Norge. Folk i Ytre Arna menighet og i pinsemenigheten Betania har slått ring om dem. De har sendt brev til Justisdepartementet med bønn om at de to må få bli i Norge.

Se midten

Skytebas vart kyrkjetenar

Sjå side 3

Stor giverglede

Se side 4

## FÅR VERA I NOREG

I januarnummeret av Kyrkjelydsbladet vart det fortalt at mange i Ytre Arna hadde skrive under eit brev til Justisdepartementet med bøn om at 2 chilenske asylsøkjarar måtte få opphaldsløyve i Noreg.

No i slutten av august kom svaret til Carmen Acevedo og Moises Romero. Dei får vera i Noreg, og mange gler seg med dei for den avgjerda.

# KJELL NESE BLIR NY SOKNEPREST I ARNA



Kjell Nese (53 er tilsett som ny sokneprest i Arna prestegjeld.

Nese er født i Våle i Vestfold. Han tok teologisk embetseksamen i 1965, og var en tid garnisonskapellan på Gjørstadmoen ved Lillehammer. Siden 1968 har han vært sokneprest på Vossestrand. Nese er gift og har fem barn.

Nese forteller til Kyrkjelydsbladet at han i fritiden liker å drive som bonde på gården som en av sønnene hans har. Det blir god mosjon, samtidig som jeg får anledning til å stelle med andre ting enn det jeg gjør som prest.

Han ser på forkynnelse og sjelesorg som det viktigste ved det å være prest. Kjell Nese kjenner ikke noe særlig til Arna, men det tar han som en utfordring. Han er ennå ikke sikker på når han vil være på plass som sokneprest i Arna. Han har nemlig fått tre måneders studiepermisjon, og det gjør det foreløpig usikkert når han kan tiltre i Arna.

# Dugnad på kyrkjelydshuset

Tannlegen sitt areal vart ferdig til 1. mai og kyrkjegardsarbeidarane sine rom stod ferdig 1. september. Det som no står for tur, er å få på takstein og vidare intensivera arbeidet med eldresenterdelen.

Dugnaden har vore inne i ein rolegare periode i sommarferien, men no satsar vi for fullt igjen.

Dugnadstider:

1. Dagtid: mandag, tysdag, onsdag og fredag frå kl. 13.00 og utover ettermiddagen.
2. Kveldstid: mandag, tysdag, onsdag og fredag frå kl. 17.30 til 21.30.
3. Kvar laurdag frå kl. 08.30 og utover dagen.

Vi treng DI HJELP til å gjera kyrkjelydshuset ferdig. Arbeidet er av ein slik art at alle kan vera med og gjera noko.

Møt opp på dei nevnte tidene til dugnadsarbeid, eller ta kontakt med Leif Grøteide tlf. 24 33 88 og meld deg til dugnad.

# Hausttakkefest 22. oktober

Alle er hjarteleg velkomne til hausttakkefesten for kyrkjelyden. Festen vert i Betania (Lone) 22. oktober kl. 18.00.

Planlegginga av festen er ikkje heilt ferdig, men vi reknar med at det vert lysbilete og foredrag om kyrkjeinteriør frå ulike plasser i landet, musikkinnslag og leikar både for store og små.

Set alt no av denne søndagskvelden, og les nærare om programmet på plakatane i veka før festen.

## Biskop Hagesæther i Arna kyrkje

Søndag 1. oktober vil biskop Olav Hagesæther ta del ved gudstenesta i Arna kyrkje. Det vert i samband med samlinga for 50 års konfirmantane. Det var dei første konfirmantane han hadde då han var prest i Arna.

## 90-års jubileum med jubileumsskrift

Denne hausten er Ytre Arna kyrkje 90 år.

Jubileet vert markert ved gudstenesta helgemessesøndag 5. november — same dato som kyrkja vart vigsla i 1899.

Det vert arbeidd med eit fint jubileumsskrift som vil koma ut til den dagen.

## Eldretreff på Flatane

Eldretreffa på Flatane tek til att fredag 15. september kl. 17.00.
Alle eldre er velkomne.

**Tannlege MNTF**

**LINE BORJA**

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46
mellom 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.





*Godtfred Haugland fra Ytre Arna vender hjem som vikarprest:*

# Prest, økonom og bussjåfør

Godtfred Haugland (35) er født og oppvokst i Ytre Arna. De 15 siste årene har han bodd i Oslo. Først studerte han til prest på Menighetsfakultetet, og siden har han arbeidet som kretssekretær for søndagsskolen i Oslo og Akershus. Men i sommer flyttet han hjem igjen til Ytre Arna, og skal være vikarprest i prestegjeldet til den nye soknepresten er på plass, trolig rundt årsskiftet. Bussertifikatet tok han i studietiden for å kunne spe på sine inntekter.

-Det er egentlig veldig sunt for en prest å kjøre buss i blant, sier Haugland med et smil. Når jeg står på prekestolen som prest må menigheten se opp til meg, men når jeg sitter og kjører buss ser alle passasjerene ned på meg. Som bussjåfør møter jeg også mennesker på en annen måte enn jeg gjør som prest, og det er både nyttig og lærerikt. Dessuten er det jo også slik at ting går på skjeve i blant. Som bussjåfør er det lettere å ta slike ting inn igjen enn det er som prest. Bussjåføren har det jo slik at alle passasjerene er gått av bussen når den er kommet til endestasjonen. Nye passasjerer kommer på, og han kan begynne på nytt med nye ark og fargestifter til.

Sin utdannelse i bedriftsøkonomi tok Haugland ved siden av jobben som kretssekretær i søndagsskolen. Han synes det er nyttig for en prest også å kunne litt om markedsføring, ledelse og strategi.

*Ikkje berre stortingsval i år:*

# Val i kyrkja 8. og 15. oktober




Det er ikkje berre stortingspolitikarane som står på val i haust. I kvar kyrkjelyd skal det og veljast nytt sokneråd. Dette valet skjer 8. og 15. oktober i kyrkja straks etter at gudstenesta er ferdig. I Arna kyrkje held soknerådsvalet på fram til klokka 14.00 begge desse søndagane. Dessutan vert det høve til å røysta søndag 15. oktober mellom klokka 19 og 20 i kyrkja.

I Trengereid kapell vert det halde soknerådsval 8. oktober mellom klokka 19 og 20.

I Ytre Arna kyrkje vert det og halde soknerådsval 8. og 15. oktober, fra gudstenesta er slutt og fram til klokka 15.00.

I begge kyrkjelydane er det og høve til førehandsrøysting for dei som ikkje har høve til å møta fram på valdagane.

Dei som ønskjer å førehandsrøysta kan venda seg til prestekontoret. Der ligg og manntalet framlagt.

For å kunne røysta ved soknerådsvalet må du vera medlem av Den norske Kyrkja, bu i soknet og ha fylt 18 år innan utgangen av 1989.

Under valet kan du bruka ei valliste som er lagt ut i kyrkja, og som ei nemnd oppnevt av soknemøtet har sett opp. På lista kan du stryke namn som et oppført, du kan tilføye navn på personar som ikkje står der og du kan føre opp namn som står på lista ein gong til (kumulera). Meir informasjon kan du få på prestekontoret, eller du kan ringja telefon 050 30600 som Opplysningstenesta i staten opnar for soknerådsvalet. Du betalar berre lokal- takst.

**BLOMSTER**
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
**24 25 95**
**a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna



# Valliste for Arna sokneråd

Etternemnde personar valde på soknemøte i Arna Kyrkje står som forslagsstillarar til valliste for soknerådsvalet i Arna sokn 1989:

Berit Haugsvær, Reidun Erstad, Audun Stølås, Marianne Fjelltveit, Jan Marius Olsen, Haldor A. Romslo, Lars Gunnar Taule, Per Eide, Gunnar Ødegård.

Jens K. Hauge tillitsmann.

1. Ellen Øgård, Haukeland
2. Svein Mjelde, Haukeland
3. Jan Marius Olsen, Indre Arna
4. Inger Kippersund, Garnes
5. Oddmund Bildøy, Indre Arna
6. Bjarne Fjelltveit, Indre Arna
7. Trine Romslo Moe, Trengereid
8. Audun Stølås, Indre Arna
9. Adny Nesse, Haukeland
10. Ingvard Hageberg, Indre Arna
11. Marianne Fjelltveit, Indre Arna
12. Lars Gunnar Hartveit, Garnes
13. Sverre Myklebust, Espeland
14. Berit Ljones, Arnatveit
15. Jens K. Hauge, Haukeland
16. Olga Smalås, Arnatveit
17. Daniel Økland, Indre Arna
18. Marta Straume, Espeland
19. Atle Vie, Indre Arna
20. Torbjørg Mjelde, Haukeland
21. Klara Fure, Indre Arna
22. Victor Abilgaard, Garnes
23. Laila Ueland, Arnatveit
24. Ingrid Håøy, Indre Arna
25. Tone Lægreid Haldorsen, Arnatveit
26. Ingjerd Dagestad, Trengereid
27. Ragnhild Helgesen, Indre Arna

# Valliste for Ytre Arna sokneråd

Nominasjonsnemnda for Soknerådsvalet i Ytre Arna 1989 har fylgjande forslag til valliste:

1. Tor Oddvar Holmefjord
2. Birgit Askeland
3. Gudny Hunshamar Skorpen
4. Martin Skjelbreid
5. Reidun Leknesund
6. Alise Bjørnestad
7. Benthe Birkeland
8. Svein Harald Molvik
9. Berit Skreien
10. Gunnbjørg Larsen
11. Liv Lønøy Skulstad
12. Ingrid Olsen
13. Jon Steinset
14. Willy Kjell Soltvedt
15. Gunvor Fylkesnes
16. Arthur Kvamme
17. Laila Rakland
18. Asle Michael Reigstad
19. Borghild Eikerol
20. Dagrun Markhus

Lista er framlagd av: Marit Austnes, Aud Else Vesetvik, Tormod Hanstveit, Arnfinn Landøy, Sylvi Sæle, Marie Teigland, Liv Lønøy Skulstad, Helga Eide, Marianne Hydle, Martin Skjelbreid.

# Samtalekveldar i Ytre Arna

Kyrkjelydsskulen innbyr til samtalekveldar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Alle er velkomne til å vera med. Samlingane tek til kl. 19.30.

Ta med matpakke. Kaffi og te vert servert.

Samlingane vert desse onsdagane: 27/9, 4/10, 18/10 og 1/11.

# Kyrkjelyd på solskinnstur



*Ove Skjoldal og Gunnar Kaaresen leiar allsangen på dekket på veteranbåten «Granvin».*

Etter at det meste av august månad var tettpakka med regn og blåst, var det eit dristig tiltak å leggja opp årets kyrkjelydstur som ein båttur rundt Osterøy.

Men søndag 27. august tok til med varme solgløtt mellom eit noko utrygt skydekke då veteranbåten «Granvin» klappa inn til Seimskaia ved 9-tiden om morgonen. Då var deltakarane frå Ytre Arna allereie på plass ombord. Været holdt seg godt så lenge turen varte. Til tider kunne sola varme skikkeleg godt på dekket. Lengst nord, på Eidslandet, var det lagt opp til gudsteneste med medbrakt prest og kor frå Arna.

Folk frå den lokale kyrkjelyd stod klare på kaia og førte an til kyrkje. Den vart svært tettpakka ved dette høvet. Mens vikarprest Godtfred Haugland forretta og preikte, og Ytra Arna kyrkjekor song, var reiseleiar og kyrkjetenar Svein Mjelde i sving med kokegrytene i byssa på veteranbåten.

Då folk vende tilbake til båten vart det dekka til middag både i salongane og på dekket. Lasteluka på dekk gjorde tenesta som eit ypperleg middagsbord under Guds frie himmel.

På turen vidare langs vestsiden av Osterøy vart det mellom anna allsang på dekket leia av Ove Skjoldal med sin verbale dugleik og Gunnar Kaaresen med fin traktering av sin gitar. For dei kring 100 deltakarane var kyrkjelydsturen i det heile ein fin søndag som skifta mellom naturoppleving, sosialt samvær med gamle og nye vener og eit interessant møte med veteranbåten «Granvin» og det entusiastiske mannskapet som har vist så stor interesse og innsats for å ta vare på dette kulturklenodiet frå fjordafarten i gamle dagar.




*Lasteluka på dekket av veteranbåten «Granvin» gjorde teneste som middagsbord*



*Naturoppleving og hyggeprat i Osterfjorden.*

# Søndagsskolens dag i Arna

Søndagsskolens dag i Arna prestegjeld blir markert under gudstjenesten i Trengereid kapell søndag 17. september klokken 11 og i Arna og Ytre Arna under gudstjenestene søndag 24. september klokken 11.00.

I Arna prestegjeld er det 12 søndagsskoler. Du finner tid og sted på listen nedenfor. Send barna til søndagsskolen, det har de godt av.

| SØNDAGSSKULAR I ARNA: | KLOKKESLETT | LEIAR: | TLF.: |
|---|---|---|---|
| Indre Arna i Arna bedehus | 11.00 kvar søndag | Ingrid Håøy | 24 03 26 |
| Arna kyrkje, Borgstova | 11.15 | Ingrid Vareberg | 24 09 54 |
| Liatun, Stølsv. 98F | 10.30 kvar søndag | Johannes Jakobsen | 24 27 54 |
| Takvam | 11.00 annankv. søn. | Klara Ulveseter | 24 09 65 |
| Romslo | 11.00 annankv. søn. | Klara Ulveseter | 24 09 65 |
| Trengereid | | Else Stokke | 24 90 04 |
| Seimsmark | 11.00 annankv. søn. | Viktor Abildgaard | 24 23 07 |
| Tunes | 11.00 annankv. søn. | Margrethe Almenning | 24 25 52 |
| Hauge, Betania, Lone | 10.45 annankv. søn. | Inger Myklebust | 24 29 05 |
| Unneland | 11.00 annankv. søn. | Arthur Hope | 24 08 09 |
| **SØNDAGSSKULAR I YTRE ARNA:** | | | |
| Ytre Arna | 10.30 annankv. søn. | Jan Skorpen | 24 89 72 |
| Haugland | 11.00 annankv. søn. | Roger Hosøy | 24 77 06 |

# Kurs i besøkstjeneste

Diakonissehjemmets Sykepleierhøgskole arrangerer kurs i besøkstjeneste for pensjonister og andre fra 17. oktober til 7.november i Søsterhjemmets stuer på Haraldsplass. Hensikten med kurset er å gi deltakerne trygghet til å være nær et ensomt medmenneske i nærmiljøet og å gi utbytte for et liv, trivsel og egen omsorg.

Kurset blir holdt fra klokken 09.30 til 14.00. Frist for påmelding er 15. september. Påmelding kan skje ved å ringe eller skrive til Søsterhjemmets kontor tlf. 290550, lokal 171, Ulriksdal 8, 5009 Bergen.

Kursavgiften er på kr. 1050 pluss kr. 225 til formiddags- mat for alle dagene.

Diakoniutvalgene i Arna prestegjeld har bestemt at de som ønsker å delta fra prestegjeldet vil få halvparten av kursavgiften dekket av diakoniutvalget. Ta kontakt med Marta Skadal, Gamseveien 40, 5265 Ytre Arna, tlf. 248680, eller Inger Myklebust, Espeland, telefon 242905

# Kyrkjekoret satsar friskt med kvinneleg leiarskap



*Bjørg Hellesøy og Ellen Øgaard satsar friskt på sangglede og fellesskap i Arna kyrkjekor (Foto: Audun Stølås)*

Med to kvinner bak roret, som dirigent og som leiar, satsar Arna kyrkjekor friskt på ein ny og spanande sesong. Ellen Øgaard har nyleg teke over som dirigent, og er heltennt på oppgåva. Tidlegare har ho i 15 år vore dirigent for Unnelandskoret, og var med å gjera koret til det som det er i dag. Bjørg Hellesøy vart ifjor valgt til leiar for koret, og ho er like tennt på oppgåva. Dei to boblar nesten over når dei skal fortella om planane framover. Koret skal til med eit samarbeid med fleire andre kyrkjekor i distriktet. Først og fremst gjeld det kyrkjekoret i Ytre Arna, men det vert og samarbeid med andre kor. Kora skal mellom anna samarbeida om ein salmekveld med salmediktaren Svein Ellingsen. Det vert lagt vekt på å styrka ennå meir den sentrale plass koret har i kyrkjelyden sitt gudstenesteliv. Koret skal syngja ved gudstenesta i kyrkja ein søndag i månaden. Samstundes vert det lagt enda meir vekt på det sosiale fellesskap i koret. Det vert mellom anna gjort ved å ha oftare «kaffe-slabberas» i samband med korøvingane. Når det kjem nye medlemar vert dette gjerne feira med kaffe.

—Kven er det då som kan bli medlem av koret?

—Alle mellom 20 og 100 år som har lyst til å synge, seier dei to.

-Men lyst til å synge er ein ting, evne til det er vel noko anna?

—Det er det sjølvsagt, men vi reknar ikkje med at folk kan synge når dei byrgjar i eit kor. Det vert mi oppgåve som dirigent å læra dei det, seier Ellen Øygaard.

Nye medlemmer er hjarteleg velkomne til Arna kyrkjekor. Det er øving kvar onsdag mellom klokken 19 og 21. Øvingane blir holdt i Arna kyrkje, inngang prestesakrestiet, inntil det nye kyrkjelydshuset er klart til å bli tatt i bruk også av kyrkjekoret.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
28.05: Sara Tunestveit. Døypt i Takvam kapell.
11.06: Hege Åsheim, Hege Skjoldal, Tone Skjoldal, Glenn Morken Havre, Mads Vambheim Steffensen.
18.06: Nina Teigen Tvedt, døypt i Ytre Arna.
25.06: Alexander Borge, Thomas Hauge, Martin Steffensen, Trond Kjetil Bakken Tufte, Trude Grindheim.
25.06: Kristoffer Iver Valkvæ, døypt i Godøy Bedehuskapell.
09.07: Joacim Fjeldstad Midtun, døypt i Trengereid kapell.
Hallvard Kolltveit, døypt i Vangskyrkja, Voss.
16.07: Kjetil Løtveit Thorstensen, Renate Ekren.
23.07 Kristine Hauge, Regine Espeland Lunde, Sandra Schutz Schnelle, Kathinka Kvant.

**Ytre Arna:**
14.05: Kenneth Boge, Solveig Bergljot Hosøy.
28.05: Andreas Skadal
16.07: Stephen Halsøy
20.08: Alexander Sjursen Angeltveit

## Vigde

**Arna sokn:**
13.05 Knut-Erik Hjelle og Sigrun Dale, vigde i Fana kyrkje.
27.05: Helge Bjordal og Anita Hetlevik.
27.05: Trond Samuelsen og Synnøve Korneliussen, vigde i Nykirken.
03.06: Rune Utkilen og Nina Solveig Heggem.
17.06: Vidar Hjelle og Britt Angunn Hernes.
27.05: André Steenbuch Marandon og Inger-Johanne Kjøde Enger, vigde i Domkirken.
23.06: Jan Ove Drabløs og Anita Thorsvik.
24.06: Ivar Kåre Sangolt og Kjersti Drangevåg.
Bjørn Arild Ask og Hildegun Solberg.
Hans Bjarte Paulsen og Hildegunn Hollekve.
Helge Ragnvald Solberg og Berit Elisabeth Svee, vigde i Evje kyrkje.
30.06: Sajor Conateh og Elin Kvaale.
01.07: Andreas Vold og Gro Aileen Olsen.
08.07: Lars Ivar Helland og Mona Elisabeth Hagebø.
15.07: Jens-Ove Bjordal og Gro Larsen.
22.07: Helge Bruvik og Kristin Bakken, vigde i Sande kirke, Vestfold.

**Ytre Arna sokn:**
27.05: Hermund Kronen og Jebran Wissam.
10.06: Jan Ove Rivenes og Monica Rutschmann, vigde i Årstad kirke.
01.07: Håkon Gravdal og Anita Løtvedt.
19.08: Jan Ove Utvær og Marianne Elisabeth Jacobsen.

## Døde

**Arna sokn:**
24.05: Kerry Moldekleiv f. 1915.
28.05: Leiv Fjellanger f. 1924.
05.06: Ivar Martin Fanebust f. 1907.
13.06: Magnus Åsheim f. 1918.
16.06: Aslaug Dokken f. 1927.
20.06: Karl J. Skeistrand f. 1921.
22.06: Elin Sandøy f. 1908.
23.06: Solveig Olsen f. 1915.
24.06: Nils Kåre Buene f. 1927.
29.06: Arne Ludvik Paul Åsvang f. 1942.
02.07: Mathilde Holen f. 1905.
05.07: Bergit Hole f. 1903.
09.07: John Olav Trefall f. 1957.

**Ytre Arna sokn:**
08.06: Thorvald Andreas Grinde, f. 1907.
12.06: Emil Andreas Endresen, f. 1902.
13.07: Kristina Elisa Simonsen, f. 1891.
30.07: Randi Havre, f. 1944.





## Dåpssøndagar

**Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:**

Arna: 10/9, 24/9, 1/10, 22/10.

Ytre Arna: 10/9, 24/9, 15/10.
I Ytre Arna kan ein og ha dåp når det er nattverd 17/9, 8/10.

## Kyrkjeskyss frå Haukeland/Espeland

3. september: Harald Røsland tlf: 240870
10. september: Konrad Borge tlf. 240031
17. september: Berit Haugsvær tlf. 240815
24. september: Sverre Myklebust tlf. 242905
1. oktober: Ingrid Hope tlf. 240808
8. oktober: Harald Røsland
15. oktober: Konrad Borge
22. oktober: Berit Haugsvær
29. oktober: Sverre Myklebust
5. november: Ingrid Hope
12. november: Harald Røsland ?

## Ofringar

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 28.05: | Kyrkjelydshuset | 2262,- |
| 04.06: | Kyrkjelydsarbeidet | 1364,- |
| 11.06: | Hjemmenes dåpsring | 3063,- |
| 18.06: | Kyrkjelydshuset | 7116,- |
| 25.06: | Norsk Gideon | 1742,- |
| 02.07: | Norges KFUM-KFUK | 1238,- |
| 09.07: | Kyrkjelydshuset | 1072,- |
| 16.07: | Kristent arbeid blandt blinde | 1716,- |
| 23.07: | Internasjonalt Massemedia-institutt | 1144,- |

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 28.05: | Kirkens SOS | 1.696,- |
| 11.05: | Folkeaksjonen for livsrett og menneskeverd | 901,- |
| 18.06: | Den indre sjømannsmisjon | 610,- |
| 25.06: | Kyrkjelydsarbeidet | 440,- |
| 02.07: | Dei fire diakoniinstitusjonane | 773,- |
| 16.07: | Kristen Idrettskontakt | 433,- |
| 23.07: | AAN | 1.024,- |
| 30.07: | Hjemmenes Dåpsring | 515,- |
| 13.08: | Kyrkjelydsarbeidet | 760,- |
| 20.08: | Den norske sjømannsmisjon | 1.605,- |

**Trengereid:**

| | | |
|---|---|---|
| 04.06: | Kyrkjelydshuset | 1.210,- |
| 09.07: | Dronning Mauds Minne | 660,- |
| 06.08: | Santalmisjonen | 790,- |

**ARNA PRESTEGJELD**
**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 24 85 46.
**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.


## KIRKENS SOS

**Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot Den Norske Kirkes bekjennelse.**
**Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.**
***Ta kontakt med oss snarest.***

# *MØTER*

**Betania, Lone**
09.09: Samlingsfest
10.09: Møte v/BUF
03.-
08.10 Møteveke v/Indremisjonen

**Haugland bedehus**
12.-
17.09: Møteveke v/Misjonssambandet
Talar Erleiv Matre

**Ytre Arna bedehus**
13, 14, 16 og
17.09: Møteveke v/Santalmisjonen
Talar Monrad Ulveseter.

**Arna bedehus**
08.09: Familiesamling
10.09: Samlingsfest kl. 18.00.
Tale: Johs. Kleppa
Sang: Musikklaget.
14.09: Eldretreff kl. 17.00.
15.09: Basar N.L.M.
16.09: Basar N.M S.
17.09: Søndagsmøte kl. 19.00.
Tale: Harald Eide
Sang og musikk.
21.09: Bønne og vitnemøte kl. 19.30.
22.09: Familiesamling
23.09: Ungdomskveld
24.09: Møte v/N.L.A. kl. 19.00.
28.09: Nattverdmøte kl. 19.30.
29.09: Møte v/Hvite Bånd.
30.09: Framneslaget
01.10: Søndagsmøte kl. 19.00.
05.10: Bønne og vitnemøte.
06.10: Familiesamling.
07.10: Ungdomskveld.
08.10: Søndagsmøte kl. 19.00.
Tale Peder Leithaug.
12.10: Eldretreff kl. 17.00.
14.10: Ungdomskveld.
15.10: Sang og musikkmøte kl. 19.00
v/Musikklaget.
19.10: Medlemsmøte
20.10: Familiesamling
22.10: Familietreff kl. 17.00.
24-
29.10: Møteuke for N.L.M.
31.10: Basar til inntekt for barne og ungd.arb. kl. 18.00.


**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
**Redaksjonsnemnd:** Audun Stølås, Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø, Laila Ueland.
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.
**Bladpengar:** Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna.



**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**
**Kåre Bj. Hope**
*Står til teneste med alt ved dødsfall.*
Kransebinderi, sløyfetrykkeri.
Annonser, sanger, båretransport.
**TLF. 24 08 08**

**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
*Alltid til tjeneste*

**FOKUS Bank**
Banken i Arna – for Arnafolk, der alle kundar, store og små, er hjarteleg velkomne.
**FOKUS BANK avd. Arna**

**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke, konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Banken i Arna frå 1866
**SPAREBANKEN VEST**
AVDELING ARNA
*– til bygdefolket sitt beste*

**DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!**
Vi har hengere for
Bil – Båt og varetransport
NOROL
**ARNATVEIT AUTO SENTER**
TLF. 24 07 40
Utlevering også fra Blomsterdalen ved J.B. Myklestad.

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.
Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.
**ARNA ELKJØP A/S**
Arnatveit – telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

# *Velkomen til kyrkje*

| | |
|---|---|
| **Sept. 10.** | **Arna kl. 11.** Vikarprest Haugland. *Konfirmantpresentasjon.* Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule. |
| | **Arna kl. 19.** Vikarprest Haugland. *Konfirmantpresentasjon.* Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule. |
| | **Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. *Konfirmantpresentasjon.* Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. |
| **Sept. 17.** | **Arna kl. 11.** Domprost Monstad. Betania Musikkor. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. |
| | **Ytre Arna kl. 11.** Misjonsprest Kjosavik. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. |
| | **Trengereid kl. 11.** *Familiegudsteneste.* Vikarprest Haugland. Søndagsskolens dag. *Konfirmantpresentasjon.* Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. |
| **Sep. 24.** | **Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. *Familiegudsteneste.* Søndagsskolens dag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. |
| | **Ytre Arna kl. 11.** Vikarprest Haugland. *Familiegudsteneste.* Søndagsskolensdag. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. |
| **Okt. 01.** | **Arna kl. 11.** Biskop Hagesæther og res.kap. Sundsbø. 50-års konfirmantane. Prosjektkoret. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. |
| **Okt. 08.** | **Arna kl. 11** Vikarprest Haugland. Nattverd. Takkoffer til Kristent innvandrerarbeid. |
| | **Ytre Arna kl. 11.** Akademilektor Svein Rise. Nattverd. Takkoffer til NLA. |
| | **Trengereid kl. 18.** Res.kap. Sundsbø. |
| **Okt. 15.** | **Arna kl. 11.** Førstelektor dr.theol Kåre Berge. Nattverd. Arna kyrkjekor. Takkoffer til NLA. |
| | **Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. 50-års konfirmantane. Ytre Arna kyrkjekor. |

# «Send misjonærene ut»

Kirsten og Ottar Hope fra Espeland reiste i midten av august ut igjen til en ny periode som misjonærer i Bangladesh.

Under gudstjenesten søndag 13. august i Arna kirke ble det tatt avskjed med og bedt for Kirsten og Ottar Hope og de tre barna deres.

Santalmisjonen har i samarbeid med Arna menighet satt i gang en aksjon «Send misjonærene ut» for å knytte nærmere forbindelse mellom misjonsorganisasjonen og menigheten der misjonærene kommer fra. Menigheten blir gjennom dette utfordret til å be for Kirsten og Ottar Hope og de tre barna og til å være med på en givertjeneste for å dekke reiseutgiftene og sikre deres opphold. Billettene for å reise ut koster omlag 20.000 kroner og et års opphold i Bangladesh koster omlag 50.000 kroner.

Ragnhild Rein, Stølsvegen 90 C, 5262 Arnatveit er kontakt for givertjenesten.

Ottar Hope er lege, og skal arbeide i et helseprosjekt som Santalmisjonen driver i samarbeid med myndighetene i Bangladesh og med støtte fra NORAD.

Kirsten skal være lærer for misjonærbarna på feltet. I tillegg til det faglige arbeidet er begge med å forkynne evangeliet for folket i Bangladesh, der de fleste er muslimer.